



# Selje kommune

## Kommuneplan Samfunnsdel

### 2015-2027

(2.versjon etter offentleg ettersyn)

«Lys i tunnelen»



Oppdatert jf. tilråding i Formannskapet 15.04.2015.

Planforslag, Kommunestyret 27.04.2015.

## Innhold

Til innbyggjarane .....	3
Prosjektorganisering og arbeidsprosess.....	4
1. Planskildring .....	5
1.1.Kommuneplanen si oppbygging .....	7
1.2. Samfunnsdel.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
1.3. Selje kommune som tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar .....	9
1.4.Demografiske forhold /utvikling i Selje kommune.....	9
2.Tverrfaglege tema .....	11
2.1.Folkehelse.....	12
2.2. Berekraftig utvikling .....	12
2.3. Universell utforming.....	13
2.4. Samfunnstryggleik og beredskap .....	13
2.5. Likestilling og tiltak mot diskriminering .....	14
2.6. Interkommunalt samarbeid - kommunereform.....	14
3.Visjon, overordna mål og verdigrunnlag .....	14
4.Satsingsområde .....	15
4.1. Leve og bu.....	15
4.2.Helse og omsorg.....	17
4.3. Oppvekst.....	19
4.4. Næring og kultur.....	21
4.5. Samferdsel og kommunikasjon .....	22
5.Arealdel, reguleringsplanar og kystsoneplan .....	24
5.1.Gjeldande arealdel, reguleringsplanar og kystsoneplan .....	24
5.2. Planprogram og vidare framdrift av planarbeid.....	24

## Til innbyggjarane

Selje kommune skal etter Plan- og bygningslova utarbeide kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale målsetnadur, interesser og oppgåver – og bør også omfatte alle viktige mål og oppgåver for kommunen.

Utvikling av kommunen krev samarbeid og handling. Selje kommune vil gjennom verksemda si, økonomiplan/handlingsprogram, synleggjere kommunen sine konkrete handlingar og tiltak, men den einskilde samfunnsaktøren vil også vere ein aktiv bidragsytar og medverke til at Selje skal bli ei kommune med eit aktivt engasjement i forhold til visjonen *Lys i tunnelen*.

Dialog, deltaking og partnarskap mellom offentlige og private aktørar, samt frivillige lag- og organisasjonar, skal kjennemerke kommunen sitt utviklingsarbeid.

Dette dokumentet er samfunnsdel til kommuneplanen. Selje kommune har valt å utarbeide samfunnsdelen fyrst, sidan den skal gje overordna føringar for innhaldet i arealdelen. I samfunnsdelen har vi freista å svare på desse spørsmåla;

Kvar er vi?

Kvar skal vi?

Korleis skal vi kome dit?

Planen skal setje mål for ei ønska utvikling og peike på tiltak/strategiar for å nå desse måla. Kommuneplanen skal omhandle kommunen sine oppgåver som tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar.

Kommuneplanen skal tene som styringsreiskap for kommunen og tilpasse seg endringane i tida. Vi vil gjennom samfunnsdelen arbeide for at folkehelse, berekraftig utvikling, universell utforming, samfunnstryggleik og beredskap, likestilling og diskriminering, interkommunalt samarbeid og arealkonsekvensar vert teke omsyn til i alt vi gjer.

I kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015-2027, fortel vi kva mål vi har sett oss for framtida og korleis vi vil arbeide for å nå dei.


Ottar Nygård  
Ordførar

Ørnulf Lillestøl  
Rådmann

## Prosjektorganisering og arbeidsprosess

Kommunestyret vedtok i sak 047/10 med vedtaksdato 29.09.2010 å starte opp arbeidet med ny kommuneplan, samansett av ein samfunnsdel og ein arealdel. Våren 2011 arrangerte kommunen folkemøte og innspela frå desse var grunnlaget for *Planprogram for samfunnsdelen* som vart fastsett av Kommunestyret i sak 033/11 med vedtaksdato 22.06.2011. Overordna planstrategi vart vedteken av Kommunestyret i sak 083/12 med vedtaksdato 17.12.2012. Framlegg til prosjektorganisering for vidare kommuneplan- arbeid vart vedteken av Formannskapet i SAK 089/13 med vedtaksdato 25.09.2013. Arbeidet med kommuneplanen har gått over fleire år og undervegs i planarbeidet har det vore behov for å gjere endringar i prosjektorganisasjonen, men strukturen har lege fast gjennom heile arbeidet. Noko forseinka i høve framdriftsplanen, vert samfunnsdelen ut til offentleg ettersyn frå 11.12.2014 i 2014 til 29.01.2015 med planvedtak april 2015.

Om kommuneplanen generelt:



Figur 1: Plansystemet som viser prosessen fra planlegging til handling.

## **1.Rammer og føresetnad**

Regjeringa har lagt føringar for regional og kommunal planlegging i dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging » (T-1497) vedteke 24.juni 2011. Målet med dette dokumentet er å gjere planlegginga meir målretta og sikre at viktige nasjonale interesser vert ivaretakne. Regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging er Klima og energi, Samferdsel - infrastruktur, Verdiskaping – næringsutvikling, Natur- kulturmiljø og Helse – livskvalitet og oppvekstmiljø. Alle desse områda krev i utgangspunktet oppfølging på ulike nivå og på ulike måtar. Forventningane skal leggast til grunn i arbeidet med kommuneplanen og dei skal medverke til at lokal planlegging tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga.

### **Økonomiske rammer:**

Summen av driftsinntekter har auka frå om lag 217 millionar i 2013 til 225 millionar i 2015. Auken i inntekter utgjer siste år 3,69 % (2013-2014).

Driftsutgiftene har i same periode auka frå 222 millionar i 2013 til 226 millionar i 2014. Auken i driftsutgifter siste år utgjer 1,8 %.

Netto driftsresultat for 2014 var på minus 1,2 mill. kr., noko som utgjer -0,56 % i forhold til brutto driftsinntekter.

Selje kommune må i denne planperioden fokusere på;

- effektivisering og rasjonell drift i alle ledd med fokus på å oppretthalde kvaliteten på tenestene i størst mogleg grad
- eit netto driftsresultat på 3 % av samla driftsinntekter
- rasjonalisering gjennom bruk av elektronisk betaling, sakshandsaming og informasjonssystem
- nye metodar for oppgåveløysing

### **1.1. Nasjonale og regionale føringar**

Selje kommune har etterstreva å utarbeide kommuneplanen i samsvar med dei nasjonale forventningane for regional og kommunal planlegging. Gjennom plandokumentet Kommuneplan –Samfunnssdel – 2015-2027, ynskjer kommunen å legge grunnlaget for eit samfunn med fokus på folkehelse, berekraftig utvikling, universell utforming, samfunnstryggleik og beredskap, likestilling og diskriminering og interkommunalt samarbeid som tverrfaglege tema.

### **1.2.Kommuneplanen si oppbygging**

Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter har vore styrande for planarbeidet. Etter Plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha en samla kommuneplan som omfattar

samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Planprogrammet utgjer fyrste del av kommuneplanarbeidet og set rammer og premissar for vidare planarbeid.

Kommuneplanen er delt inn i ein langsiktig og ein kortsiktig del:

#### Langsiktig del

- Samfunnsdel med verdiar, visjon og mål for kommunal verksemd. I tillegg vert det fokusert på satsingsområde, utfordringar og dei strategiane som skal til for å nå dei måla ein ynskjer å oppnå i perioden.
- Arealdelen i kart og tekst, der ein synleggjer forvaltning og utvikling av areal og andre naturressursar i kommunen. Arealdelen skal bygge vidare på, avspegle og legge til rette for at kommunen skal kunne oppfylle dei måla og strategiane samfunnsdelen legg opp til.

Dersom samfunnsdelen i kommuneplanen skal ha ein funksjon, må den gje grunnlag for konkrete prioriteringar og bidra til heilskaplege løysingar som betrar rammevilkåra både for dei ulike sektorane si verksemd og for innbyggjarane.

#### Kortsiktig del

- Samordna handlingsprogram og økonomiplan for arbeidet til kommunen komande år og for dei neste fire åra.

Slik kommuneplanen er oppbygd, inneber det at dokumentet *Selje kommune – Lys i tunnelen – Samfunnsdel 2015-2027*, er del 1 av den langsiktigde delen til kommuneplanen. Arealdelen vert del 2 og vil få ein annan tidshorisont.

Samfunnsdelen sin visjon og målsetnadalar vil vere styrande for arealdelen. Kvart kapittel i samfunnsdelen har tilhøyrande delmål og desse er utdjupa strategiar for at vi skal kunne nå måla.

Det vert årleg utarbeidd eit dokument med tittelen:

- *Handlingsprogram og økonomiplan (2015-2018), Budsjett (2015)*.

Handlingsprogram (HP) og økonomiplan er ein del av planhierarkiet som utgjer kommuneplan. Det er i dette dokumentet dei til ei kvar tid vedtekne tiltak er sett opp. Ved å knytte handlingsdelen direkte til samfunnsdelen, understrekar ein at handlingsprogrammet ikkje er en frittståande planoppgåve, men ein konklusjon på korleis ein skal fylgje opp samfunnsdelen. Det gjeld ikkje berre kommunens eigne tiltak, men også avtaler som vert inngått med offentlige organ og private aktørar. Det er ein føresetnad at handlingsdelen vert rullert årlig, slik at kommunestyret får høve til å påverke/ ta stilling til korleis kommuneplanen skal fylgjast opp og om det er behov for endringar.

I tillegg til samfunnsdel, har kommunar gjerne kommunedelplanar eller sektorplanar for å kunne gå djupare inn i eit tema t.d helse og omsorgsplan, oppvekstplan m.fl. Uttømande liste over Selje kommune sine planar er å finne i Kommunal planstrategi for kommunestyreperioden 2012-2016 som vart vedteken i KS 083/12 med vedtaksdato 17.12.2012.

### 1.3. Mål og strategi

Eit *mål* er enkelt forklart ein ynskt framtidig tilstand og ein *strategi* er framgangsmåten for å nå målet.

I oppstartfasen av planarbeidet , hadde vi folkemøte med tenkedugnad der vi stilte spørsmåla;

- kvar er vi ?
- kva/kvar vil vi ?
- kva må vi gjere for å kome dit ?

Sagt på ein annan måte, utfordra ein innbyggjarar, folkevalde og tilsette til å seie noko om korleis vi har det, kva som burde vore anndeis og kva vi bør gjere for å få det slik vi ynskjer i framtida. Denne tilnærminga har sitt utspring i Dugnadsmetoden –ei arbeidsmetode utvikla ved Høgskulen i Volda. Metoden legg opp til tenkedugnad som gjennomgåande arbeidsform for å fremje den ideelle dialogen mellom administrasjon, folkevalde og innbyggjarar. Denne grundige medverknadsprosessen resulterte i ei mengd innspel som har vore grunnlaget for vidare arbeid.

Planforslaget er bygt opp omkring fem kapittel, der ein i kapittel 1 skildrar plansystemet og korleis det er oppbygt. Kapittel 2 omhandlar dei tverrfaglege temaa som skal vere bakteppe for plan og handling i kommunen. I det tredje kapittelet vert visjonen presentert og kapittel fire omhandlar dei fem utvalde satsingsområda.


Satsingsområda er utvikla gjennom medverknadsprosessen med folkemøte. Innspela vart vidare kategorisert etter tema. Dei fem utvalde kategoriene er alle like viktige for vekst og utvikling av kommunen. I røynda er det ikkje eit skarpt skilje mellom dei ulike kategoriene, men ein ser snarare at kvar kategori ber med seg element i frå ein eller fleire kategoriars. Det har vi freista å illustrere i figuren nedanfor.



**Figur 2:** Dei fem satsingsområda kommuneplanen byggjer på, ber med seg element frå ein eller fleire kategoriar. Du kan ein lese meir om desse i kap. 4.

For kvar kategori er det utarbeidd eit mål og med grunnlag i innspela, har ein utvikla tilhøyrande delmål/strategiar for å nå målet. For kvar kategori har vi valt ut nokre sitat frå folkemøta. Kapittel fem omhandlar arealplanlegging på eit overordna nivå.

Ein ynskjer at planen skal synleggjere Selje kommune sin innsats gjennom målbare resultat for innbyggjarane, anten det gjeld gode skuleresultat eller omsorgstilbod tilpassa den einskilde sine behov. Respekt for innbyggjarane i kommunen ligg til grunn for den kommunale verksemda. Samstundes møter kommunen mange utfordringar, særleg økonomiske. Utfordringa for Selje kommune vert å i åra framover sikre god kvalitet i tenestetilbodet, samstundes som tenestetilbodet samsvarar med økonomiske føresetnadar.



**Figur 3:** Viser korleis vi ved hjelp av strategiar og mål skal få det slik vi ynskjer i framtida.

## **1.4. Selje kommune som tenesteytar, forvaltar og samfunnsutviklar**

Selje kommune har tre hovudoppgåver; samfunnsutvikling, tenesteproduksjon og forvaltning. I dette kapitlet ynskjer vi å ta føre oss ein del som gjeld kommunen som organisasjon med ei sterkare fokusering på utvalde område:

### **Selje kommune som tenesteytar**

Kommunen sine kjerneoppgåver ligg innanfor tenesteyting. Dette er oppgåver som skal løysast og som har ei forankring i lovverk, enkeltvedtak eller gjennom kommunale vedtak. I rolla som tenesteytar skal kommunen syte for at innbyggjarane får eit tenestetilbod med rett kvalitet og kapasitet. Døme frå tenesteytarrolla: barnehage, skule og heildøgnsomsorg.

### **Selje kommune som forvaltar**

Forvaltning handlar om administrering av felles verdiar. Kommunen har gjennom lovverk fått mynde til å forvalte deloppgåver innanfor sitt geografiske område. I rolla som forvaltar gjer kommunen vedtak som påverkar rettar og plikter til innbyggjarane. Forvaltning skjer etter lov og regelverk, både nasjonalt, regionalt og kommunalt. Innan ein del område har kommunen sjølv mynde til å definere regelverk, så lenge det ikkje strir med nasjonale føringar. Døme frå forvaltarrolla: byggesak og tildeling av heimetenester.

### **Selje kommune som samfunnsutviklar**


Samfunnsutvikling handlar om å påverke det som skjer i samfunnet slik at det vert ei positiv utvikling med attraktive samfunn og gode levekår for innbyggjarane. Kommunen har ei rolle i å bidra til utvikling av samfunnet innanfor område som har høg prioritet eller område som har låg grad av ynskt utvikling. Her er det snakk om det kommunen vel å gjøre utanom kjerneoppgåvene og det som er lovpålagt. For å oppnå meir driv i retning av den ynskte utviklinga, inngår kommunen ofte samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar på vegen mot målet. Rolla som samfunnsutviklar kan følgjast opp både gjennom politisk og administrativt arbeid. Vi vil utdjupe ansvaret for handlingar gjennom arbeidet med kommunedelplanar og handlingsdelen.

Døme frå samfunnsutviklarrolla: Sikre attraktivt bu- og næringsareal, samarbeide med næringsliv, lag og organisasjoner og vere katalysator for private initiativ.

## **1.5.Demografiske forhold /utvikling i Selje kommune**


Selje kommune har store økonomiske utfordringar og gjennomføringskraft i høve ambisjonane i denne samfunnsplanen vil vere avhengig av dei økonomiske føresetnaden i planperioden. Eit viktig element i den samanheng er demografien. Innbyggjartal og aldersamansetnad påverkar nivået på dei statlege overføringane direkte.

Dette er tema som vert handsama i kommunedelplaner, men den demografiske utviklinga er viktig i langsiktig planlegging på alle områder. Tek difor med nokre sentrale grafar:



Figur 4: Befolkningsutvikling 2000-30, indeksert slik at nivået i 2000=100

SSB-prgnose  
2014-2030,  
nedgang på  
1,3 % 35  
personar.  
Vekst i fylket  
6,3 %



SSB-prognose: 2014-2030 0-5 år  
vekst 22,9 % 6-15 år vekst 4,2 %

Figur 5: Utvikling i aldersgruppene 0-5 år og 6-15 år for Selje kommune 2000-2030, indeksert slik at nivået i 2000=100. Kilde:  
SSB.



Figur 6: Utvikling i aldersgruppene 67-79 år, 80-89 år og over 90 år for Selje kommune 2000-2030, indeksert slik at nivået i 2000=100

Ifølge SSB vil tal personar i aldersgruppa 67-79 år auke relativt kraftig i dei neste åra. I aldersgruppa 80-89 år er det venta moderat utvikling i dei nærmeste åra, og relativt kraftig vekst etter ca. 2022. Ein ventar at tal personar i aldersgruppa over 90 år vert og redusert dei nærmeste åra – auke etter 2020.

## 2.Tverrfaglege tema

Som nemnt tidlegare har Selje kommune etterstreva å utarbeide eit plandokument i som samsvarar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I planarbeidet har ein valt ut ulike tverrfaglege tema som kommuneplanen bør ta omsyn til og som skal danne bakteppe for plan og handling.



**Figur 7:** Selje kommune skal ta omsyn til ulike tverrfaglege tema i planarbeidet.

## 2.1. Folkehelse

Folkehelsearbeid vert definert som *samfunnet sin innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, og arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.*

Selje kommune ynskjer å ha eit heilskapleg fokus på faktorane som har innverknad på helsa med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst- og levekår. Kommunen ynskjer å legge til rette for sunne lelevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet. Det er spesielt viktig at folkehelse vert teke omsyn til i arealplanlegginga.

Folkehelse som tema kan du lese meir om i delplan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Selje kommune vil i tillegg arbeide for å få ferdigstilt folkehelseoversikt.

## 2.2. Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling vert definert som *en utvikling som ivaretar dagens behov uten å ødelegge mulighetene for kommende generasjoner til å dekke sine.*

For å sikre berekraftig utvikling av samfunnet vårt, har Plan- og bygningslova av 2008 fått nye bestemmelser om at Kongen kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med nasjonale

forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette dokumentet inngår som ein formell del av plansystemet.

Selje kommune har freista å ta omsyn til desse forventningane og vil gjennom kommuneplanen utvikle Selje kommune til eit berekraftig samfunn ved å sjå nærmare på;

- Energi og klimautfordringar
- Lokale tiltak i samband med klimaendringar
- Arealforvaltning, fortetting, støyureining
- Naturmangfald

Hovudutfordringa vert å finne ein berekraftig balanse mellom vekst og omsyn til natur- og miljø. Dette gjeld mellom anna i høve arealforvaltning, men også i høve biologisk mangfald og energi/miljø.

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/tema/barekraftig\\_utvikling.html?id=1333](http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/tema/barekraftig_utvikling.html?id=1333)

## 2.3. Universell utforming

Norge skal ratifisere FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne, og her vert universell utforming definert som *utforming av produkter, omgivelser, programmer og tjenester på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpassing og en spesiell utforming. Universell utforming skal ikke utelukke hjelpemidler for bestemte grupper av mennesker med nedsatt funksjonsevne når det er behov for det.*

Universell utforming er kome inn som eit nytt element i Plan- og bygningslova av 2008 og i samfunnsdelen vil vi fokusere på at;

- menneske med nedsett funksjonsevne skal ha samme mogleigheter som andre til personleg utvikling, deltaking i samfunnet, trygge levekår og god livskvalitet
- sikre at nye bustadfelt, offentlege bygg, leikeplassar og møteplassar vert tilgjengelege for alle
- at ein ved lokalisering av nye funksjonar vert sett på i ein større heilsak slik at ferdsel og tilkomst vert enklast mogleg

<http://www.universell.no/universell-utforming/>

## 2.4. Samfunnstryggleik og beredskap

- Syte for god beredskap mot kriser og ikkje ønska hendingar.
- Ta omsyn til samfunnssikkerheit i all planlegging.
- Etablere gode system for førebygging og handtering av risiko.

Selje kommune sitt arbeid med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap er beskrive i *Beredskapsplan for Selje kommune*, vedteken i Kommunestyret i SAK 047/12 og planen er under revisjon. Planen er eit verktøy som skal brukast ved alle typar uønska hendingar eller situasjonar som er av ein slik karakter eller omfang som går ut over det som kan reknast som normalsituasjon og normalbelastning.

Kommunane Eid, Vågsøy og Selje (EVS-kommunane) er i tillegg i gang med å utarbeide felles ROS-analyse. Målsetnaden for prosjektet Heilskapleg ROS-analyse er å utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som er sektorovergripande for kommunane Eid, Vågsøy og Selje. Med heilskapleg ROS-analyse som grunnlag skal prosjektgruppa utarbeide forslag til plan for oppfølging for kommunane sitt arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap. Heilskapleg ROS-analyse for kommunane skal stette krav i lov om kommunal beredskapsplikt, civile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), samt lov om helsemessig og sosial beredskap, brann og eksplosjonslova og plan- og bygningslova.

## 2.5. Likestilling og tiltak mot diskriminering

Likestilling og diskriminering er vide tema som omfattar:

- Likestilling mellom kjønn
- Like rettar uavhengig av seksuell orientering og kjønnsidentitet
- Universell utforming
- Funksjonsnedsettingar
- Etnisk diskriminering

Selje kommune ynskjer å ha eit heilskapleg fokus på likestilling og tiltak mot diskriminering i alle sektorar.

## 2.6. Interkommunalt samarbeid - kommunereform

Selje kommune ser det viktige i godt og konstruktivt interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid kan i kommunen sin utfordrande økonomiske situasjon, styrke og sikre tenestetilbodet til innbyggjarane innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. I tillegg er det utfordrande å dekke behovet for rett kompetanse og arbeidskraft. Kommunen ynskjer difor eit utstrekkt samarbeid med andre kommunar, organisasjonar og bedrifter. Ein del av dette er formalisert i dag m.a ved samarbeid om IKT, renovasjon, legevaktsamarbeid, revisjon.

Selje kommune ynskjer også å inngå samarbeid med andre kommunar innan fleire område t.d læringsnettverk.

Selje kommune skal vere aktiv og deltagande i prosessane kring kommunereformen.

## 3. Visjon, overordna mål og verdigrunnlag

### Visjon

## «Lys i tunnlen»

Valet av *Lys i tunnelen* som visjon seier kanskje seg sjølv. Den einaste skipstunnelen i verda skal byggast innanfor Selje kommune sitt geografiske område –og no ser det ut til å bli ein realitet. Det må vi ha i tankane i alt vi gjer, spesielt når det gjeld den langsiktige planlegginga vår. Visjonen vil dermed seie noko om vår næringsmessige satsing, som vi ynskjer skal byggast på bruk av dei gode naturressursane kommunen har. I tillegg ynskjer ein å vidareutvikle fyrtårna Vestkapp og klosteret på Selja og med skipstunnelen som eit nytt fyrtårn, må vi legge til rette for at dei landskapsmessige kvalitetane rundt oss vert ivaretakne, samstundes som ein dreg veksel på dei ringverknadar tunnelen gjev.

Visjonen *Lys i tunnelen* fortel oss noko meir – den gjev innbyggjarar, tilsette og dei som ser oss utanfrå, tru på oss og framtida.

### Overordna mål

Selje kommune skal vere

- eit berekraftig og nyskapande samfunn som er attraktivt for næringsliv, innbyggjarar, arbeidskraft og eksterne samarbeidspartar.
- eit samfunn som med sin eigenart skaper vekstkraft, mangfald og kulturrikdom
- prega av kreativitet, engasjement, deltaking og inkluderande folkestyre
- innbyggjarfokusert og kvalitetsmedviten

## 4.Satsingsområde

I dette kapittelet skal vi gå nærmere inn i dei fem utvalde satsingsområda. Det er utarbeidd ein målsetnad for kvart satsingsområde som famnar om kva ein ynskjer å oppnå i planperioden perioden 2015-2027. Målsetnaden skal ein nå ved hjelp av strategiar sett frå tenesteytar-, forvaltar-, og samfunnsutviklarperspektivet. Dei ulike satsingsområda vil vere grunnlaget for dei prioriteringane som vert gjorde i arealsamanheng, og i økonomi- og handlingsplanar.

### 4.1. Leve og bu

#### Mål

*Det skal vere attraktivt å busetje seg i Selje kommune!*

*I Selje kommune skal vi ha levande bygder der folketalet veks gjennom målretta innsats for omdømmebygging og god infrastruktur.*

#### Selje kommune som tenesteytar vil

- ha oversikteleg og lett tilgjengeleg informasjon om: Bustadar, tomter, gjennomgangsbustadar, sal og utleige av eigedomar
- legge til rette for gjennomgangsbustadar, attraktive tomter

- satse på fortetting av eksisterande bustadområde
- ta omsyn til tradisjonell bruk, kulturmiljø, tilgjengelighet og universell utforming i planlegging av nye bustad- og fritidsområde
- arbeide for bustadsosial tilrettelegging
- legge til rette for ein aktiv livsstil ved at bustad- sentrum og område for skule og barnehage vert kopla saman med trygge gang- og sykkelvegar
- planlegge at ny utbygging skjer utanfor fareområde for skred, flaum og liknande
- utføre effektiv sakshandsaming med grunnlag i godt planverktøy (areal- og reguleringsplanar)
- ha oppdatert og informativ heimeside med opplysningar om som kven arbeider med kva i kommuneorganisasjonen(namn, e-postadr., bilde), oversikt over lag og organisasjonar i kommunen og ledige stillingar sikre gode landbruksareal og ta vare på sårbare artar
- sikre tilgjenge for ålmenta ved utbygging i 100-meters beltet


#### **Selje kommune som forvaltar vil**

- ta val basert på gode planverktøy
- bruke aktivt plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- arbeide for å få større stillingar gjennom prosjektet Heiltidsvalet


#### **Selje kommune som samfunnsutviklar vil**

- auke folketalet:
- 100 nye-prosjektet må fullførast.
- ha levande byder:
- satse på Bu-lyst-prosjekt.
- legge til rette kvardagen for nye innflyttarar (språkkurs lokalt, møteplassar).
- styrke omdøme:
- fokus på vertskapsrolle. Avhengige av god lokalkunnskap.
- lag og organisasjonar.
- lokal historie / museum.
- natur
- marknadsføring – heimeside.
- god infrastruktur: vegar, breiband, internett
- kvalifisert akuttilbod innan helse, brann og beredskap.
- bli lettare å pendle inn og ut av kommunen.

	Landet - siste 5 år	S. og Fj	Selje	
Andel av befolkning i tettstad	78	56	25	A
Andel arbeidsledige 25-66 år	76	80	126	B
Folketilvekst siste 5 år	112	87	37	C
Gjennomsnittlig saksbehandling, byggesaker m/12 v. frist	111	110	42	D
Komm. avg. vatn, avløp, feiring	109	109	102	E
Antal elevar kulturskule	100	98	49	F



### ***Sitat frå folkemøte:***



## **4.2.Helse og omsorg**

### **MÅL**

*Mi helse – mitt ansvar!*

*Selje kommune skal ha tenestetilbod som sikrar trygge overgangar til alle fasar i livsløpet.*

*I Selje kommune skal:*

- *ein legge til rette for folkehelsearbeid med fokus på førebygging*
- *tenestene bygge opp under brukarens ressursar- kvardagsrehabilitering*
- *tenestene ha effekt, vere trygge og sikre*
- *pasientar/brukarar ha høve til å medverke og vere involvert*
- *tenestene vere samordna, prega av kontinuitet og ressursane vere utnytta på ein god måte*

### **Selje kommune som tenesteytar vil**

- at brukarane skal oppleve tenestene som samordna, koordinert og tilpassa
- utarbeide god opplærings- og kompetanseplan
- auke tilbod og aktivitetar
- ha eit heilskapleg brukar-/pasientforløp

### **Selje kommune som forvaltar vil**

- legge til rette for utdanning og vidareutdanning av tilsette
- gå gjennom rutinar og system for tildeling av ressursar
- utarbeide kvalitetsstandardar
- slutføre arbeidet med helseplan

### **Selje kommune som samfunnsutviklar vil**

- ha fokus på folkehelse og førebyggjande arbeid
- ha ei robust legeteneste
- ta i bruk velferdsteknologi
- vidareutvikle demensomsorga
- styrke psykisk helse- og rusarbeid
- styrke IKT-området
- vere med i interkommunalt samarbeid

## **UTFORDINGAR**

**Andel årsverk med fagutdanning**

**A**

**Legeårsverk pr 10 000 innb**

**B**

**Årsverk i sosialtenesta pr 1000 innb.**

**C**


**Mottakar av heimetenester pr 1000 innb over  
80 år i %**

**D**

**Plassar i institusjon i % av innb 80 år og over  
Årsverk i sosialtenesta pr 1000 innb.**

**E**

**F**



### **Sitat frå folkemøte:**



## **4.3. Oppvekst**

### **MÅL**

*I Selje kommune skal born og unge vere trygge i eit inkluderande og lærande oppvekstmiljø. Den einskilde får utvikle sin eigenart og alle skal kjenne seg sett og respektert.*

#### **Selje kommune som tenesteytar vil**

- ha bemanning som stettar lovkrava
- ha eit tverrfagleg perspektiv på born sin oppvekst
- få på plass ordning for rullering av personalet
- fylgje opp drop-out elevar
- utvikle samfunnsengasjerte innbyggjarar
- skape identitet og tilhøyregheit til lokalmiljøet
- utvikle alle til å vere interesserte, deltagande og nyskapande medborgarar i sosiale, kulturelle og næringsmessige aktivitetar i eiga kommune

#### **Selje kommune som forvaltar vil**

- sjå ressursane sine samla
- vere ein øvingsarena for studentar
- at uteområda skal takast i bruk.


#### **Selje kommune som samfunnsutviklar vil**

- utvikle alle til å vere positivt interesserte, deltagande og nyskapande medborgarar i sosiale, kulturelle og næringsmessige aktivitetar i eiga kommune
- skape identitet og tilhøyregheit til lokalmiljøet
- gje god symjeopplæring der kompetansemåla i læreplanen vert nådde på alle trinna, kombinert med aktiv bruk av det maritime miljøet –privat/offentleg «Badeland» i Selje.
- ha ein god og allsidig kulturskule.

- ha 100% barnehagedekning på Leikanger, Selje og Flatraket
- utvikle samfunnsengasjerte innbyggjarar
- samarbeide med lag og organisasjonar om tilrettelegging av fritidstilbod for barn og unge. Dette kan også stette behov for tilsyn i feriane.
- at oppveksten skal fremje trivsel, samarbeid, demokrati, personleg utvikling, empati og etisk refleksjon.
- at dei tilsette i oppvekst skal vere utviklingsorienterte og endringsvillige. Dei skal ha god refleksjons- og fagkompetanse

Andel barn 1-5 år med barnehageplass 2013  
 Andel barn med barnevernstiltak snitt siste 5 år  
 Andel tilsette med førskolelærerutdanning 2013  
 Elevar pr lærar (personar) 2013  
 Grunnskulepoeng siste år  
 Trivsel på skulen 2013

A  
B  
C  
D  
E  
F



### *Sitat frå folkemøte:*



## 4.4. Næring og kultur

### MÅL

I Selje kommune skal vi arbeide for å styrke eksisterande næringsliv, trygge eksisterende arbeidsplassar og legge til rette for nyetableringar.

#### Selje kommune som tenesteytar vil

- legge til rette for at ein til ei kvar tid har industriareal tilgjengeleg
- vere proaktiv i høve Stad skipstunell
- starte opp reguleringsarbeid i samband med Stad skipstunell
- legge til rette for å utnytte utviklingspotensialet i turisme som næring
- legge til rette for nye arbeidsplassar
- gjere det enkelt å etablere næringsverksemd

#### Selje kommune som forvaltar vil

- i landbruket fokusere på:
  - ✓ utvikling og modernisering
  - ✓ ta vare på det det opne kulturlandskapet på Stadhalvøya
  - ✓ lage plan for utbetring av utmarksgjerde i kommunen
  - ✓ legge til rette for drift av utegangardyr
  - ✓ å ta vare på gode landbruksareal
  - ✓ fremje kystgeita sin viktige funksjon som landskapspleiar og grunnlag for lokal kjøtproduksjon
- i næringslivet elles fokusere på:
  - ✓ regulerte industriareal
  - ✓ gode planverktøy
  - ✓ betre infrastruktur
  - ✓ service
- med omsyn til kultur fokusere på:
  - ✓ kystkultur
  - ✓ kystgeit
  - ✓ klosterrsenter
  - ✓ fjellmiljø og turterreng
  - ✓ dugnadsbasert aktivitet



#### Selje kommune som samfunnsutviklar vil

- skape senter for fornybar energi –bølgje og vind,
- skape informasjonssenter for kloster og Stad skipstunnel
- skape lønsam næring med utgangspunkt i Selje kloster
- legge til rette for utbygging av rorbuer
- korte ned avstand til større flyplass – hurtigbåtsamband nordover
- arbeide for å få ungdom tilbake
- satse på kommunikasjon –moglegheiter for heimekontor
- legge til rette for fleir brukshamn
- legge til rette for at det nasjonalt viktige kulturlandskapet Hoddevik-Liset vert ivaretakne

### **Sitat frå folkemøte:**



## **4.5. Samferdsel og kommunikasjon**

### **MÅL**

*I Selje kommune skal vi arbeide for opprusting og rassikring av fylkes- og kommunale vegar, tenleg kollektivtilbod og god og trygg infrastruktur med tilfredstillende dekning, kvalitet og kapasitet. Vi vil også arbeide aktivt for eit best mogleg transporttilbod –både på land og sjø.*

### **Selje kommune som tenesteytar vil**

- bygge fleire gang- og sykkelvegar. Legge til rette for at fleire går eller sykler til skule og arbeid
- ruste opp kommunale vegar
- ha fokus på trafikksikring med veglys og nødvendig merking

### **Selje kommune som forvaltar vil**

- redusere antal kilometer kommunal veg
- oppdatere kommunal trafikktryggingsplan
- sørge for godkjend reguleringsplan vedrørende Stad Skipstunnell med tilhøyrande anlegg
- legge til rette for trygg og effektiv sjøtransport ved å sikre avsetjing av naudsynt sjøareal for sikker manøvrering og ankring, samt tilstrekkeleg landareal for hamneoperasjoner.

### **Selje kommune som samfunnsutviklar vil**

- vere proaktiv i forhold til Stad skipstunnell:
  - ✓ vere aktiv deltakar i styre og prosjektgruppe og arbeide for at prosjektet er ferdig planlagt og kvalitetssikra (KS2) våren 1917, då NTP skal rullerst for 4 årsperioden 1918-1921.
- arbeide for å knyte saman og utvikle kysten
- vere pådrivar i høve RTP for å få utbetra fylkesvegane 618, 620 og 633 (rassikring)
- utføre planarbeid i arealdelen som byggjer opp om politiske prioriteringar for tiltak på fylkesvegnettet inkludert gang/sykkelvegar
- utvide eksisterande hurtigbåtsamband nordover
- arbeide for trafikktryggingstiltak: veglys, gang-sykkelveg, m.m.
- arbeide for utbetring av veg mellom Leikanger og Borgundvåg i samband med utvikling av industri
- arbeide for opprusting av Vestkappvegen
- arbeide for ras og flaumsikring
- sørge for godkjenning av reguleringsplan vedr. utbygging av fylkesvegprosjekt i kommunen
- kome med nødvendige innspel vedr. regionale og nasjonale samferdsleplanar
- vere pådrivar for utbygging av fiber / 4G
- bidra til regional og lokal samordning ved utbygging av breibandnett:
  - ✓ stille krav om tilrettelegging av breiband ved ny utbygging. Vurdere økonomisk deltaking i utbyggingsprosjekt som ikkje har kommersielt grunnlag Kommunale bygg er/vert knytt til Nordfjordfiberen.
  - ✓ æringssliv: Flatraket, Moldefjorden, Otneimneset, Industriområdet Stadlandet og verksemder i Selje sentrum.
  - ✓ Flatraket, deler av Selje sentrum, Borgundvåg, planlagd utbygging i 2015.
- Arbeide for mobildekning i heile kommunen.

### **Sitat frå folkemøte:**

Gode rutetilbod til nærmeste flyplass.  
Bevare offentlege transporttilbod!

Fjordkryssing i  
Ytre, E 39

Ruste opp  
kommunale  
vegar

Bygge infrastruktur ved  
å nytte massane frå  
Stad skipstunell

Fiber til alle  
husstandar

Ruste opp Fv.620

## 5.Arealdel, reguleringsplanar og kystsoneplan

Eit viktig prinsipp i Plan- og bygningslova er at det skal vere sterkare kopling mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdelen. Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen til kommuneplanen og dermed legge til rette for prioriteringar knytt til arealbehov for ulike funksjonar, val av infrastruktur, bustad- og næringspolitikk (bustadsosial tilrettelegging), kommunal service osv. Kvar vi etablerar til dømes bustadar, vegar, arbeidsplassar og leikeområde/møteplassar har mykje å seie for kvardagen vår og vi må gjennom heilskapleg planlegging legge til rette for gode stadar å bu, arbeide og bruke fritida vår. Det er også viktig at ein i arbeidet med kommuneplanen prøvar å fange opp element som vil få verknadar for arealbruken kommunen på sikt. Det er varsla byggestart av Stad skipstunnel i 2018 og det er viktig at vi tek omsyn til dette i planprosessen. I tillegg treng vi ei framtidsretta planlegging for å kunne handtere utfordringar som til dømes folketalsnedgang, eit varmare og våtare klima, press på jordbruksareal, trua artar og naturtypar, samt sikre folk tilgang til strandsona.

Arealbruken vil i stor grad vere styrt av dei nasjonale rammene og regionale retningslinjer jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 24.juni 2011.

### 5.1.Gjeldande arealdel, reguleringsplanar og kystsoneplan

- Gjeldande arealdel er frå 1995 og er for lengst utdatert som styringsdokument. Arealdelen frå 1995 dekkjer heile arealet til kommunen på land.
- Kystsoneplanen regulerer kommunen sitt sjøareal. Gjeldande Kystsoneplan vart vedteken av Kommunestyret 26.08.1997 og er i likskap med arealdelen utdatert. Ein bør ta sikte på å rullere kystsoneplan og arealdel samstundes, for å hindre at dei to plandokumenta kjem i konflikt med einannan.
- Selje kommune har i tillegg ei rekke reguleringsplanar som er detaljerte planar for mindre område. Gjeldande reguleringsplanar må takast omsyn til i planprosessen kring utarbeiding av ny arealdel. Forelda planar bør opphevast.

### 5.2. Planprogram og vidare framdrift av planarbeid

- Parallelt med arbeidet med samfunnsdel, arbeider Selje kommune med arealdelen. Det vart samla innspel til planprogrammet til arealdelen under folkemøta hausten

2013. Utkast til planprogram for arealdelen skal leggast ut til offentleg ettersyn og vedtakast samstundes med samfunnsdel. Framdriftsplan for arealdelen er ein del av planprogrammet.

**Sitat frå folkemøte:**

